



Turdeltakarane klare for nedturen til Odda. (Foto: Anne Karin Enes)

**Uskedelingane Kjell Yri og Mona Enes leia i helga 25 turglade deltakarar over Folgefonna saman med Kåre Eik frå Rosendal. Turen var eit ledd i opninga av 44 DNT-hytter for sommarsesongen og var svært vellukka i det fine veret. Gruppa overnatta på Fonnabu og ettersom hytta eigentleg har 27 sengeplassar måtte proviantlageret takast i bruk, fortel Kjell til [uskedalen.no](http://uskedalen.no)**

DNT med underlag satsa sterkt på denne landsomfattande profileringa og lokka med alt frå buedeikurs til klatring og baking.

Då turgåarane kom fram til Fonnabu etter marsjen frå Bondhus sto turlagleiar Anne Kari Enes og Siv Framnes frå Uskedalen klare med rømmegraut og spekemat og det vart ein fin kveld med god mat, gode historier, quiz og allsong. Dei som ynskte det gjekk vidare sundag.

DNT har vind i segla og meldar om 3 217 nye medlemmer sidan i fjor på same tid. Ein ny trend er at fleire føretrekk å bu fast på ei hytte og heller ta dagsturar enn å gå vidare. Hyttene har hatt godt besøk denne opningshelga

Av Ola Matti Mathisen